

Statsministerens kontor v/ statsminister Erna Solberg

Finansdepartementet v/ statsråd Jan Tore Sanner

Nærings- og fiskeridepartementet v/ statsråd Iselin Nybø

Stortinget v/ finanskomiteen og næringskomiteen

Molde, 27. april 2020

## **Utvikling og omstilling av eksportnæringane**

### **Uttale frå Partnerskapet for kompetanse og verdiskaping i Møre og Romsdal**

#### **Eksportnæringane er viktige for Norge!**

Møre og Romsdal er eit av Norges viktigaste industrifylke og har landets mest eksportretta næringsliv. Partnerskapet for kompetanse og verdiskaping i Møre og Romsdal er bekymra for næringslivet i fylket som følge av krisa som har oppstått i samband med koronaepidemien, og særleg dei langsiktige verknadene for dei eksportretta bedriftene. Vi vil peike på utfordringar og moglegheiter dei viktigaste eksportnæringane står overfor, og tiltak som bør vurderast i samband med revidert nasjonalbudsjett (RNB) og på lengre sikt.

I eksportnæringane våre er det over mange tiår utvikla svært mykje kunnskap og avanserte teknologiar. Dette er kompetanse som Norge er heilt avhengig av i den omstillinga som samfunnet må gjennom i åra som kjem. Dersom krisa fører til at vi får store brot i dei viktige næringskjedene, vil vi misse den krafta som skal til for å utvikle dei nye prosessane og teknologiane som skal føre oss gjennom det grøne skiftet.

Næringane i Møre og Romsdal er gjensidig avhengige av kvarandre, dei er delar i eit innovativt, regionalt økosystem. Vi har initiativrike og framoverlente bedrifter og tilsette, og med gode og treffsikre tiltak vil vi saman kunne kome gjennom krisa og meiste omstillinga.

#### Partnerskapet peiker spesielt på:

- Treffsikre tiltakspakkar må utformast i nært samarbeid med bransjane sjølve
- Ein plan for auka skipsbygging må kome i statsbudsjettet for 2021
- Industrien må gis moglegheit til å utvikle nye løysingar retta mot det grøne skiftet
- Det må leggst til rette for meir produktutvikling og innanlands foredling av fisk
- Det må satsast meir på forskning og innovasjon innanfor havbruk, m.a. fiskehelse
- Det må leggst til rette for utvikling av karbonfangst og lagring (CCS), havvind og ny verdiskaping basert på ressursane i havet, jfr. regjeringas havstrategi
- Møbel- og ferdigvareindustrien treng kompetanseutvikling og ei ny eksportordning
- Reiselivet treng utviklingstiltak, og det hastar med gode løysingar knytt til framtidige restriksjonar på cruisetrafikken i fjordane

- Infrastrukturprosjekt som aukar verdiskapinga må prioriterast, dvs. styrke *eksportaksen* inn og ut av fylket og *verdiskapingsaksen* frå nord til sør i fylket

### **Eksportretta næringsliv i krise**

Dei viktigaste eksportretta næringane i fylket er maritim, marin, petroleum, møbel og reiseliv. Desse næringane representerer 28.700 av totalt 37.700 tilsette i industrien i Møre og Romsdal.

Verdiskapinga og eksportinntektene frå desse næringane er svært store og viktige for heile landet, og heilt avgjerande for busetting, velferd og vidare utvikling i denne regionen.

Næringslivet vårt har, som i andre delar av landet, vore gjennom både finanskrise og oljekrise dei seinare åra. No er vi inne i ei dobbel krise med pandemi og oljeprisfall, som rammar det konjunkturutsette, eksportretta næringslivet ekstra hardt. Det som også er spesielt denne gongen er at maritim næring, som representerer halvparten av sysselsettinga i dei eksportretta næringane i fylket, knapt var ferdig med naudsynnte omstillingar etter førre krise. Då botnen fall ut av olje og gass i 2014 måtte bransjen omstille seg frå offshore til andre typar fartøy, m.a. cruise der det no også er full stans. Dette har kosta svært mykje, og mange av dei større bedriftene, som er motorar i den komplette maritime klynga, har ikkje lenger økonomiske musklar til å løfte ei ny stor omstilling aleine.

I dei eksportretta næringane er det opparbeidd ein høg og spesialisert kompetanse, og det er eit nært samarbeid mellom bedriftene og forskings- og utdanningsinstitusjonane i fylket. Dette har ført til mykje nyskaping. Rundt 40% av industribedriftene er gründerbedrifter, noko som representerer 13,5% av sysselsettinga. Partnerskapet for kompetanse og verdiskaping i Møre og Romsdal er særleg oppteken av at dette innovative og godt utvikla økosystemet framleis blir satsa på, slik at den kunnskapen og teknologien som er utvikla kan nyttast i dei omstillingsprosessane som no må kome. Dette blir krevjande, men mogleg å få til dersom nasjonale og regionale krefter spelar på lag.

### **Tiltak retta mot den eksportretta industrien**

Naudsynnte tiltak vil vere ulike i det korte og det lange perspektivet, og dei vil variere frå bransje til bransje. I ei undersøking som Møreforskning har gjort på oppdrag av Møre og Romsdal fylkeskommune i veke 16, er det ei overvekt av eksportretta bedrifter som svarer at tiltaka så langt ikkje er tilpassa deira situasjon. Om lag halvparten av bedriftene innanfor maritim, petroleum og reiseliv svarar at tiltaka er «i liten grad tilpassa», medan over 80% av bedriftene i marin sektor seier det same. Partnerskapet er kjend med at dei pakkane som så langt er lansert er generelle og i stor grad meint som breie og kortsiktige tiltak for å sikre bedrifter og arbeidstakarar, og at meir langsiktige bransjepakkar vil kome seinare. Difor er våre innspel primært meint for det noko lengre utviklingsperspektivet, og vi ønsker å bidra til at bransjepakkane blir så godt tilpassa næringane sine behov som mogleg.

I det følgjande vil vi peike på nokre sentrale, langsiktige tiltak som vi ser behov for. Men framfor alt er vi opptekne av at dei som sit nærast på næringane, klynge- og bransjeorganisasjonane, får godt høve til å uttale seg og vere med å utforme nasjonale og regionale strategiar og tiltakspakkar.

### **Maritim industri**

Som det går fram ovanfor er partnerskapet, til liks med bransjen sjølv, bekymra for at heilskapen i den maritime klynga blir broten som følgje av den krisa vi er inne i. Dersom deler av klynga vert svekka eller forvitrar er vi redd at vi vil sjå ei heilt anna verdiskaping i maritim næring enn det vi ønsker for framtida. Partnerskapet meiner det er heilt avgjerande for Møre og Romsdal at vår klart

største næring kommer seg gjennom denne vanskelege perioden utan alt for store sår. Næringa sjølv er motivert for å klare dette.

I regi av GCE Blue Maritime Cluster har bedriftene i den maritime klynga arbeidd grundig med forslag til tiltak. Dei har vore opptatt av omstilling av næringa, at tiltaka heng godt saman og bygger bru mellom notid og framtid. Partnerskapet støttar dei framtidige tiltaka, og meiner dei må adresserast tydeleg i stortingsmeldinga om maritim næring som no er under utarbeiding. Innspelet frå GCE Maritime Cluster er lagt ved.

Partnerskapet vil understreke det sterke behovet maritim næring har for auka aktivitet, for å sikre at det eksisterer ei komplett maritim verdikjede også etter krise. For å få dette til må det byggast nye skip, og i RNB bør regjeringa varsle at ein i statsbudsjettet for 2021 vil kome tilbake med ein plan for auka skipsbygging. På lengre sikt skal bransjen omstillast til nye marknader, og det er kritisk for industrien at bedriftene blir gitt moglegheiter for å utvikle nye løysingar på område som havvind, elektriske ferjer, grøn skipsfart med nye energiberarar, framdriftsløysingar og autonomi, og at det blir etablert ordningar for oppgradering av kystskipsfarten med nye skip, hamner og annan infrastruktur.

Den maritime næringa er viktig for Norges grønne omstilling, eksportinntekter og posisjon som havnasjon. Vi viser til Sintef Ocean si utgreiing datert 09.10.2019 om framtidsmoglegheitene i maritime næringar.

### **Marin industri**

Salet av fersk fisk fekk ein brå stopp i samband med koronakrise, mens det vert produsert meir frosenfisk. Det totale salet av fisk har ikkje falt mykje samla sett, og det same gjeld sal av helseprodukt basert på marine ingrediensar. Innanfor fiskeforedling har ein hatt nokre utfordringar knytt til karantenereglane, men det har stort sett gått bra fordi dei tilsette har vore villige til å stå på ekstra.

Det er utfordringar framover knytt til m.a. usikkerheit i eksportmarknadene og stengte forsyningskjeder, men over tid vil det alltid vere behov for sunn og rein mat. Bedrifter i klynga uttrykker ønske om kompetanseheving innanfor m.a. digitalisering, logistikk og internasjonalisering. Over tid bør ein legge til rette for meir produktutvikling og at ein større del av foredlinga av fisk kan skje i Norge. Det vil vere bra for verdiskaping og sysselsetting langs heile kysten, og det vil også bidra positivt til ei større sikkerheit for matforsyninga i landet.

Det bør også satsast meir på forsking og innovasjon innanfor havbruk og leggast til rette for auke i produksjon av oppdrettsfisk. Ein føresetnad for at dette skal kunne skje er m.a. at ein skaffar seg full kontroll med fiskehelsa. Møre og Romsdal er langt framme på dette området, med stor aktivitet innanfor både produksjon, service og FoU. Framover er det viktig at myndigheitene insentiverer næringa til enda meir innsats på desse områda.

### **Petroleumsindustrien**

Møre og Romsdal har ei betydeleg verksemd inn mot olje- og gassnæringa. Vi har store offshoreinstallasjonar på Haltenbanken, to ilandføringsstadar, ein stor forsyningsbase og mange bedrifter innanfor oljeservice. I tillegg er det store lokale ringverknader rundt den landbaserte delen av verksemda. For sysselsettinga i denne næringa er den viktigaste faktoren at det er aktivitet på sokkelen i form av leiting, utbygging og produksjon.

Den største utfordringa for petroleumsnæringa er volatiliteten i oljeprisen, som med jamne mellomrom har ført til store fall i aktiviteten. Men vi må heller ikkje gløyme gassproduksjonen vår, som Europa er avhengig av, og som vil vere meir stabil og gi landet store eksportinntekter i lang tid. Momentet må haldast oppe i petroleumssektoren slik at den ikkje forvitrar, men gis tid til å omstille seg for å kunne bidra til det grønne skiftet som Norge skal gjennom. Straktiltak som lettar nyinvesteringar for bransjen vil vere med å sikre og oppretthalde aktivitet og arbeidsplassar.

Petroleumssektoren er teknisk svært avansert, og det bør leggst til rette for at kompetansen som er utvikla kan nyttast m.a. til å utvikle lønsam karbonfangst og lagring (CCS). Vidare bør ein legge til rette for at næringa i større grad kan kome i gang med utvikling av ny fornybar energiproduksjon, m.a. havvind i Norge.

### **Betydninga av havnæringane i Norge**

Dei siste hundre åra har så mykje som 70% av Norges samla eksport kome frå havnæringane. Havnæringane våre er delar av det same økosystemet, dei er gjensidig avhengige av kvarandre, og mange av leverandørane høyrer til i fleire havrelaterte verdikjeder. Hundretusenvis av arbeidsplassar er knytt til havet, direkte og indirekte, og fleire hundre milliardar kroner i omsetning og eksport står no på spel.

I åra som kjem har Norge enorme moglegheiter til å utvikle ny verdiskaping og eksport frå ressursane i havet, fornybar energi, sjømat, mineral og biomarine ressursar, som kan sikre finansiering av vår felles velferd. For å få dette til er det avgjerande viktig at ein satsar vidare på kunnskapen og teknologien som er utvikla i desse næringane. Lykkast vi i å vidareføre den grønne omstillinga i havnæringane gjennom krisa, kan Norge bygge eit avgjerande konkurransefortrinn for framtida.

Vi vil oppmode til at intensjonane i regjeringa sin oppdaterte havstrategi blir lagt til grunn for den langsiktige satsinga mot desse næringane.

### **Møbelindustrien**

Møbelindustrien, som er sterkt representert i bygder på Sunnmøre, er alvorleg ramma av koronaepidemien. Dette gjeld særleg kjedeprodusentane, mens dei som leverer til kontraktmarknaden er noko mindre ramma i den første fasen av krisa. Fleire møbelfabrikkar har stansa produksjonen, heilt eller delvis, noko som har ført til store inntektstap og svært høg arbeidsløyse i enkelte kommunar.

På sikt er usikkerheita stor, særleg p.g.a. den høge eksportandelen i møbelbransjen. Proteksjonisme er ein betydeleg trussel for aktiviteten, då ein er heilt avhengig av ein internasjonal marknad for å kunne produsere effektivt. Det blir også framheva at bransjen i stor grad manglar FoU og eit større kompetansemiljø.

På sikt må det satsast meir på kompetanseutvikling innanfor møbel og ferdigvare i Norge. Ein må utvikle seg på design og internasjonal marknadsføring. Ein må kome vidare innanfor automatisering og digitalisering av produksjonslinjer, og ein må styrke fagutdanninga for å redusere avhengigheita av utanlandsk arbeidskraft. For å kunne konkurrere betre internasjonalt, meiner bedriftene at dei treng ei eksportordning med risikoavlasting på linje med andre land, som Danmark og til dels Sverige.

### **Reiseliv**

Reiselivet har lidd stort i første del av krisa, med avbestillingar og tilnærma null omsetning, og

situasjonen er forventa å bli særskilt krevjande i heile 2020. Det er særleg den internasjonale turismen som vil svikte i år, og den situasjonen kan tenkast å halde fram også vidare. Mange aktørar har satsa på den sør-europeiske marknaden, noko som er forventa å ligge nede lenge.

Det er ein relativt svak struktur og organisering mellom opplevingsbaserte aktørar, og destinasjonsselskapa våre vil ytterlegare misse styrke gjennom mindre sal når bedriftene ikkje er i drift. Eit spor som mange no vil forsøke å følgje, medan den internasjonale marknaden bygger seg opp igjen, er ei vridning av marknadsføringa over frå internasjonale til nasjonale og lokale kundegrupper.

Mange bedrifter prøver å utvikle seg og gjere kompetanse- og kvalitetshevande tiltak under krisa. Nokre bedrifter ønsker også å arbeide med effektivisering, t.d. auke digitaliseringa av verksemda. Det er også ein del viktige utviklingsprosjekt som må kome i fylket, m.a. knytt til nye restriksjonar for cruise-trafikken i verdsarvfjordane. Partnerskapet registrerer at dette vil vere svært store løft for relativt små miljø, kommunar og bedrifter, og at det difor er naudsynt at myndighetene går inn og støttar slike prosjekt med betydelege delar av kostnadane.

### **Infrastruktur**

Møre og Romsdal er eit relativt lite fylke i areal, men er frå naturen si hand blitt tilgodesett med høge fjell og djupe fjordar. Å køyre frå nord til sør i dette fylket er difor ei tilnærma dagsreise. Felles for alle næringane våre er at dei treng betre infrastruktur for å bli meir effektive og konkurransedyktige i framtida. Særleg for den eksportretta industrien er det viktig å ha så kort avstand som mogleg til marknadan langt unna, dvs. å styrke *eksportaksen* inn og ut av fylket. I tillegg er det stort behov for å utvide bo- og arbeidsregionane gjennom betre kommunikasjonar, dvs. å styrke *verdiskapingsaksen* ved å bygge regionane saman frå nord til sør i fylket.

Partnerskapet vil ikkje trekke fram enkeltprosjekt i denne samanhengen, men ønsker å peike på viktigheita av at ein prioriterer infrastrukturprosjekt som aukar konkurransedyktigheita og verdiskapinga i fylket.

### **Partnerskapet for kompetanse og verdiskaping i Møre og Romsdal**

Partnerskapet for kompetanse og verdiskaping består av Fylkeskommunen, Fylkesmannen, NHO, LO, Innovasjon Norge, Forskningsrådet, NAV, Siva og KS. I samband med situasjonen knytt til koronaepidemien, som har store konsekvensar for næringsliv og arbeidstakarar i fylket, er partnerskapet utvida med leiarane for næringsklyngene, og aktivert for å identifisere utfordringar, utarbeide løysingsforslag og handlingspunkt for innspel nasjonalt, og iverksetting av tiltak regionalt.

Fleire tiltakspakkar har kome frå staten og er i ferd med å bli implementert i fylket. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok 21.04. ein ekstraordinær tiltakspakke på 190 mill. kr, som er midlar til prosjekt som kan bli iverksett fort innanfor samferdsel og vedlikehald av skolebygg, på kulturfeltet og innanfor næringsliv. Eit svært etterspurt tiltak for næringslivet er bedriftsintern opplæring (BIO). For at desse midlane skal kunne brukast fornuftig i krisetid er det avgjerande at dei permitterte ikkje misser dagpengane sine når dei deltek på dei kursa som blir sett opp. Den regelendinga som no er varsla frå regjeringa er difor svært bra.

### **Avslutning**

Koronaepidemien spelar saman med andre faktorar, som det kraftige oljeprisfallet vi har sett dei siste månadane, og gir det eksportretta næringslivet i Møre og Romsdal ei djup og alvorleg krise.

Tidsfaktoren er ulik for ulike bransjar. Det er viktig at myndighetene har tett dialog med bransjane slik at deira behov blir teke omsyn til, og at tidsriktige og treffsikre tiltak kan kome i tida framover.

Partnerskapet for kompetanse og verdiskaping i Møre og Romsdal vil fortsette arbeidet med å monitorere utviklinga, og koordinere ein felles innsats for å hjelpe næringslivet vårt gjennom krisa. Vi vil også følgje andre viktige næringar i fylket, som prosessindustrien, der m.a. aluminiumsverket på Sunndalsøra er ei stor og viktig bedrift som vil kunne få marknadsmessige utfordringar dersom krisa blir langvarig.

Vi vil gi ros og honnør til våre mange flotte og standhaftige bedrifter og arbeidstakarar som no står i svært tøffe tider. Til tross for krevjande utfordringar viser dei vilje til omstilling på kort og lang sikt. Dette er det viktig at myndighets- og verkemiddelapparatet støtter heilhjarta opp under, og gjennom gode og målretta tiltak bidrar til å dempe krisa og legge til rette for ei god utvikling for det viktige eksportretta næringslivet.

Partnerskapet for kompetanse og verdiskaping i Møre og Romsdal, (sign.)

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Tove-Lise Torve  
Fylkesordførar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Frank Madsøy  
Landbruksdirektør

NHO Møre og Romsdal  
Espen Remme  
Direktør

LO avd. Møre og Romsdal  
Kari Hoset Ansnes  
Distriktssekretær

Innovasjon Norge region Møre og Romsdal  
Helge Gjerde  
Regiondirektør

Norges forskningsråd region Møre og Romsdal  
Arthur Almestad  
Regionansvarleg

NAV Møre og Romsdal  
Stein Veland  
Fylkesdirektør

SIVA  
Mette Rønning  
Regionansvarleg Møre og Romsdal

KS Møre og Romsdal  
Gunnar Bendixen  
Regiondirektør

Vedlegg:

- GCE Blue Maritime Cluster, brev vedr. koronakrisa, innspel til RNB 2020, datert 20.04.2020.
- Menon Economics, rapport vedr. regional effekt av korona for norsk eksportretta næringsliv, datert 31.03.2020, vedlegg 2 Regionrapporter, Møre og Romsdal.